



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Vatn og avløp

Karoline Røssland  
Kaldestadvegen 156

5450 Sunde I Sunnhordland

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2025/13284-39		22.12.2025

## Vassmålar på Kaldestadvegen 156 - 147/5

Kvinnherad kommune byter ut alle vassmålarar som er eldre enn 15 år, hos kommunale abonnentar. Dette på grunn av at levealderen til målarane er gått ut, og samtidig går kommunen over til «smarte» vassmålarar med fjernavlesing. Med ein fjernavlesen vassmålar slepp ein å melde inn forbruket årleg slik som i dag. Målaren sender jamleg måledata tilbake kommunen men kan også lytta etter lekkasje (suselyd i røyret) før målaren heilt ut på kommunalt nett. Det å finna/oppdaga/utbeta lekkasjar er god økonomi for alle. Det vil ikkje koma noko ekstra kostnad direkte til abonnenten ved sjølve bytet, men sjå likevel kulepunkta under.

Kvinnherad kommune har inngått avtale med Husnes Røyr AS som skal utføra arbeidet. Husnes Røyr AS vil ta kontakt pr. telefon for å avklara nærare dag/klokkeslett.

Det er viktig at:

- det er tilkomst for røyrleggjar. (god tilkomst til vassmålaren, og at denne ikkje er innebygd/skjult)
- det er ein fungerande hovudstengeventil på eininga slik at røyrleggjaren får stengt av vatnet. Er det naudsynt å utføra forbetringar/tiltak for å få stengt vatnet, kan dette avtalast med røyrleggjar som i tilfelle kan utføra arbeidet og fakturera abonnenten direkte.
- røyrnettet i eininga Dykkar er av ein slik tilstand at det er mogleg å byta vassmålar utan risiko for lekkasjar og store ombyggingar. Må det gjerast tiltak på sanitæranlegget avtalar røyrleggjaren dette med Dykk, og eventuelt utbetrar dette for eigars kostnad.

- jordinga framleis vert i god kontakt med sanitæranlegget etter montering av vassmålaren. Då den nye målaren er av kompositt, kan det i enkelte tilfelle verta naudsynt å etablera ein «lask» forbi målaren. Røyrleggjaren kan i tilfelle hjelpe til med å få dette på plass, noko som vert avtalt i kvart enkelt tilfelle. Kostnaden må berast av abonnenten.
- eigar er heime/tilgjengeleg til avtalt tid og/eller avtalt tilkomst til eininga. (ein eventuell bomtur for røyrleggjar vert fakturert direkte til abonnenten)

For dei som eventuelt har privat vassmålar pr. i dag viser me til *Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune §7e: Kommunen kan når som helst skifta ut eldre private vassmålalarar*. Etter målarbyttet er det kommunen som eig målaren, og abonnenten vil difor verta belasta med eit årleg vassmålargebyr i hht gebyrregulativet.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Egil Eide  
*Einingsleiar Vatn og avløp*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*